



B A R N E H A G E A . L

Våkleivskogen 160

5155 Bønes

Tlf. 55 12 37 73

Bank konto nr. 9235 19 50244

Org. nr. 00971477814

[Http://home.no.net/vaatun/](http://home.no.net/vaatun/)

e-mail: [vaatun.barnehage@hjemme.no](mailto:vaatun.barnehage@hjemme.no)

Kunnskapsdepartementet  
[postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)

Bergen, 20.des. 2007

### Merknader til høyringsnotatet om endringar til barnehagelova

1. Lova må sikre likebehandling av barn i alle barnehagar. Tekst i gjeldande barnehagelov § 14 må derfor ikkje fjernast.
2. Det må bli sett krav til korleis kommunar reknar ut kostnader i kommunale barnehagar sidan dette er grunnlag for å rekne ut driftstilskot til ikkje-kommunale barnehagar. Dette for å sikre lik behandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar og for å sikre lik behandling over heile landet. Alle kostnader som er reelle for barnehagar må bli medrekna i tilskotsmodellen. I Bergen opplever me at enkelte kostnader til kommunale barnehagar blir ført i andre rekneskap og dermed utelatt frå tilskotsmodellen.
3. Driftstilskota må vera forutsigbare og barnehagen må kjenne sine inntekter ved inngangen til nytt år. Me ønsker derfor at det blir sett tidsfrist for når barnehagar skal få oversikt over kva dei får i driftstilskot. I Bergen opplever me at det kommunale tilskotet blir justert i løpet av året. Dette blir svært negativt for oss dersom justeringa er ein reduksjon kombinert med at det kommunale tilskotet utgjer den største inntektposten.
4. Det må bli sett krav til at taldata kommunar brukar for å rekne ut tilskot skal kunne gjerast tilgjengelege for barnehagar slik at dei kan etterprøve kommunen sine utrekningar.
5. Når det blir innført ordning med 2 opptak i året, må driftstilskota ta høgde for dette. F. eks. vil me at det skal bli sett krav til at dersom dette fører til at barnehagen ikkje får fullt ut utnytta sine ressursar i eine halvåret, skal ikkje barnehagen tape tilskot på det. Og omvendt, at ekstrakostnader med 2 opptak blir dekt av tilskota.

Me er i tillegg svært skeptisk til innføring av rammefinansiering. Dette vil gi oss ei usikker økonomisk framtid. Når kommunar ikkje klarer å gi tilskot tilsvarande det ikkje-kommunale barnehagar har krav på etter dagens tilskotsordning, vil dei då klare det betre når dei får heile ansvaret med å gi tilskot?

Når rammefinansiering blir innført samtidig med innføring av alle barns rett til barnehageplass og omfattande barnehageutbygging, blir det svært vanskeleg å forutseie kor mykje det vil koste å dekke driftstilskot for alle barnehagar i kvar kommune. Me trur det vil bli veldig lett for kommunar å påstå at dei får for lite pengar til å dekke barnehagar sine krav til driftstilskot, og dette vil i så fall gå utover barnehagane.

Vennleg helsing  
Styret i Våtun Barnehage  
ved Audil Kvåle

Kopi: PBL

